

**Fylkesmannen i
Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato
27.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11230 422.5
Dykkar referanse

Landbruksdirektoratet
Postboks 8140 Dep
0033 OSLO

Klage på vedtak om avslag på søknad om omdisponering av dyrka jord til nytt våningshus på gnr.102 bnr. 4 Vabø i Lindås kommune. Jordlova § 9.**Saksutgreiing:**

Lindås kommune v/plan- og miljøutvalet gjorde 12.12.2012 vedtak om å godkjenne omdisponering av dyrka jord til bygging av våningshus på denne eigedomen i medhald av jordlova § 9.

Fylkesmannen gjorde 16.09.2014 vedtak om å oppheve kommunen sitt vedtak som ugyldig. Grunngevinga for dette var at det i kommunen sitt vedtak feilaktig var lagt til grunn at eigedomen ikkje hadde våningshus. Fylkesmannen gjorde nytt vedtak i saka og av slo søknad om omdisponering. Det vert vist til Fylkesmannen sitt vedtak og grunngevinga for dette. Det vert også vist til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt vedtak av 18.08.2014 i klagesak som gjeld dispensasjon for oppføring av nytt våningshus på denne eigedomen

Vedtaket er påklaga av Jarle Arild Fjellsbø (eigar av gbnr. 102/4) i brev 11.10.2014. I klagen syner han til annan sak i kommunen der han hevdar at det vart gjeve løyve til nytt våningshus i liknande situasjon. Han peiker vidare på at arealet som går med er grunnlendt beite og at vegen til huset går over nokre steinknausar. Han ønskjer at sonen får bygge hus og kan overta garden. Han syner også til at han kjem til å slutte med villsau p.g.a. sine helseproblem.

Fylkesmannen si fråsegn til klagen:

Fylkesmannen vil først understreke at det var ein klar føresetnad for frådelinga av bruket sitt einaste våningshus i 1989, at huset på gnr. 102 bnr. 85 etter frådelinga skulle reknast som våningshuset på bnr. 4, jfr. vedlagt kopi av Fylkeslandbruksstyret sitt vedtak av 01.02.1989. At det også var stilt vilkår om samanføyning med hovudbruket og at denne ikkje vart gjennomført, kan ikkje endre det faktum at bruket må reknast å ha eit våningshus.

Fylkesmannen syner elles framleis til at drift med utegangarsau i liten målestokk ikkje kan føre til at det er trong for eit våningshus nr. 2 på denne eigedomen. Kommunen har opplyst at søkjar dei siste åra har hatt ein besetning på om lag 20 -30 villsau. Det er ikkje søkt om produksjonstilskot for desse dyra.

Klagar har ikkje gjeve nærare opplysningar om vedtak som han meiner gjev ulik handsaming av like saker og dermed brudd på likskapsprinsippet. Men sjølv om det annan stad i kommunen i liknande situasjon feilaktig er gjort vedtak om godkjenning av nytt våningshus etter jordlova, kan dette ikkje føre til ein endra praksis som er i strid med kravet om at løyve til bygging av nytt våningshus etter jordlova berre kan gjevast der huset er nødvendig av omsyn til landbruksdrifta på eigedomen.

Klagar syner også til at han, dersom klagen vart avslått, kan kome til å leggje ned drifta med villsau grunna helseproblem. Fylkesmannen syner til at det er ei objektiv fagleg vurdering som må liggje til grunn for vedtaket og at subjektive omsyn som t.d. helseproblem, berre kan vektleggjast dersom avgjerda i saka elles byr på tvil, noko Fylkesmannen ikkje kan sjå er tilfelle i saka her.

Fylkesmannen har vurdert klagen, men kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka som gjev grunn til å endre tidlegare vedtak i saka.

Vedtak:

Fylkesmannen syner til si fråsegn til klagen og held fast ved vedtaket av 16.09.2014. Klagen går til Landbruksdirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Per Albert Lund
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Thomas Fjellsbø

Svehaugane 6

5955 LINDÅS

Jarle Fjellsbø

Vadbuvegen 195

5955 LINDÅS

Lindås kommune v/landbruksansvarleg

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ